

Saksnr 59/14 Utval Formannskapet

Møtedato 03.12.2014

KOMMUNEDELPLAN FOR E39 HEIANE - ÅDLAND/NORDRE TVEITA - FORSLAG TIL UTVIDING AV PLANOMRÅDET OG REVIDERT PLANPROGRAM

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av Plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-13 og 14-2 å senda revidert planprogram med utgreiingsprogram for kommunedelplan for E 39 Heiane – Ådland/ Nordre Tveita datert 30.10.2014 på høyring og leggja det ut til offentleg ettersyn.

Saksprotokoll i Formannskapet - 03.12.2014

Vedtak

Formannskapet vedtek i medhald av Plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-13 og 14-2 å senda revidert planprogram med utgreiingsprogram for kommunedelplan for E 39 Heiane – Ådland/ Nordre Tveita datert 30.10.2014 på høyring og leggja det ut til offentleg ettersyn.

Kommunestyret vil allereie ved oppstart av dette planarbeidet presisere at ein i det vidare arbeidet må leggje vinn på å finne fram til trace/vegløysingar som i størst mogleg grad skjermar Landåsen.

Handsaming

Samrøystes vedteke

Liv Kari Eskeland, H kom med framlegg til andre avsnitt slik det ligg føre i vedtaket.

Sigbjørn Framnes, Frp kom med følgjande framlegg:

Kommunestyret vedtek at det i tillegg til framlagt planprogram vert vedteke å utgreia eit alternativ 6, med ein vestleg trase som følgjande:

Stordbrua, Valvatnavågen, øst for Isdal, vest for Ådlandsvatnet, Sjoalegmyro, Agdestein / Jektevik. Planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av kommunedelplanen og konsekvensutgreiinga.

Framlegget fekk 3 røyster (Frp, Krf og Sp)

Formannskapet ber statens vegvesen legg trasé inn som del av den statlege reguleringsplanen for E 39 Bokn – Os.

Framlegget fekk ingen røyster

Dokumentliste

S	28.10.2014		Kommunedelplan for E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita - Forslag til utviding av planområdet og revidert planprogram
I	25.04.2013	Statens Vegvesen Region Vest	Tinging av oppstartsmøte
U	07.06.2013	Statens vegvesen, Region Vest	Referat frå oppstartsmøte i plansak E39
I	07.05.2013	Statens vegvesen, Region Vest	Forslag til planprogram
I	06.02.2014	Statens Vegvesen, Region Vest	Oppstart av planarbeid, E39 Heiane - Ådland
I	06.02.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Kommunedelplan for E39 Heiane - Nordre Tveita - fastsetjing av planprogram og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing
S	18.02.2014		Særutskrift - Kommunedelplan for E39 Heiane - Nordre Tveita - fastsetjing av planprogram og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing
X	06.03.2014		E39 Heiane - Ådland: Kunngjering forslag til planprogram og oppstart av planarbeid
I	11.03.2014	Statens vegvesen	Kommunedelplan for E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita - kunngjering av forslag til planprogram og melding om oppstart av planarbeid
U	10.03.2014	Adresseliste	Merknad til planprogram ny E 39
I	19.03.2014	Åge Aadland	E39 Heiane-Ådland Merknader til planprogrammet
I	20.04.2014	Oscar Ingebrigtsen for Per Ivar Ingebrigtsen, eigar av 28/1	Innspel til oppstart av planarbeid og forslag til planprogram
I	04.05.2014	Åshild Rygg Tonning	Kommentar til planstrategi for ny E39-Heiane-Ådland
I	07.05.2014	Gerda Malene Øen	Merknad innspel til oppstart av planarbeid
I	08.05.2014	Harald Landa	Merknader kommunedelplan
I	08.05.2014	Bjarte Husum	Utsetjing av frist for fråsegn til planprogram og melding om oppstart
I	09.05.2014	Hordaland Fylkeskommune	Merknad til planprogrammet k-delplan E 39, Fråsegn til Planprogram
I	09.05.2014	Arne Knutsen	Offentleg ettersyn - Stord - E39 Heiane - Ådland / Nordre Tveita - Kommunedelplan
I	15.05.2014	Hordaland Fylkeskommune	Kommunedelplan for E39 Heiane - Nordre Tveita - Fastsetjing av planprogram og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing
I	27.05.2014	Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal og samfunnsplanavdelinga	Gjennomgang av merknadar og revidert forslag til planprogram
S	02.06.2014		Kommunedelplan for E39 Heiane - Nordre Tveita - Fastsetjing av planprogram og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing
I	02.06.2014	Statens vegvesen, Region Vest	
U	24.06.2014	Statens Vegvesen Region Vest v/Marius Slinde	Kommunedelplan for E39 Heiane - Nordre Tveita - Fastsetjing av planprogram og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing
X	24.06.2014		Særutskrift - Kommunedelplan for E39 Heiane - Nordre Tveita - Fastsetjing av planprogram og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing
U	30.06.2014	Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga m.fl.	Kommunedelplan for E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita - fastsett planprogram
I	17.10.2014	Statens vegvesen, Region Vest	Forslag til revidert planprogram
I	30.10.2014	Slinde Marius	SV: E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita: Oppdatert forslag til revidert planprogram
I	13.11.2014	Statens vegvesen	SV: E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita: Ny oppdatering av forslag til revidert planprogram

Vedlegg

SV: E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita: Revidert planprogram
Særutskrift - Kommunedelplan for E39 Heiane - Nordre Tveita - Fastsetjing av planprogram og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing

Innleiing (bakgrunn for saka)

Med bakgrunn i tidlegare vedtak har Statens vegvesen og Stord kommune starta arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Heiane og Nordre Tveita. Kommunedelplanen skal fastsetja framtidig trase for E39 på strekninga, og avklara framtidig tilknytning og løysing for lokalvegnettet, busstrafikken, gang-/sykkeltrafikken og tilgjenge til friluftsområda i Landåsen og langs Ådlandsvatnet på strekninga Heiane – Leirvik- Ådland/Nordre Tveita. I arbeidet med kommunedelplanen skal fleire alternative trasear utgreiast og vurderast.

Planprogrammet som viser kva alternativ som skal utgreiast og vurderast vart etter offentleg ettersyn og høyring fastsett av kommunestyret i møte 19.06.2014.

I arbeidet med kommunedelplanen etter at planprogrammet vart fastsett har vegvesenet kome til at dei ynskjer å utvida planområdet til og å omfatta framtidig vegføring for E39 forbi næringsområdet på Heiane. Noverande trase for E39 gjennom Heianeområdet kan ikkje nyttast dersom dimensjonerande fart 100 km/t skal leggjast til grunn på heile strekninga.

Statens vegvesen er forslagsstillar og ansvarleg for å utarbeida planen. Stord kommune er planmynde og ansvarleg for sakshandsaminga og for å vedta planen.

Rådmannen legg no forslag til utviding av planområdet og revidert planprogram fram for vedtak om å senda det på høyring og leggja det ut til offentleg ettersyn.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

I det reviderte planprogrammet er planområdet utvida til å omfatta heile Heiane Vest- og Djupadalenområdet og deler av Heiane Sør-området på sørsida av dagens E39.

I det reviderte planprogrammet er og det som tidlegare var alternativ 2, ny veg basert på dagens veg, og det som var alternativ 3, kort E39 med avgrensa inngrep i Landåsen, slått saman til eit alternativ då alternativa var forholdsvis like.

Det reviderte planprogrammet skisserer 4 alternativ for ny E39 der alle alternativa no startar vest for Heianeområdet:

- *Alternativ 1* er kalla utbetring av dagens E39. Alternativet inneber at ein nyttar dagens veg mest mogleg på heile strekninga og legg til grunn 80 km/t som dimensjonerande fart og to eller fire felt avhengig av berekna trafikkmengde.
- *Alternativ 2* er kalla ny veg basert på dagens E39. Dimensjonerande fart 100 km/t og fire felt. Alternativet viser ny veg i Landåsen langs noverande E39 mellom Tveita og Studalen fram til tunnel under Lønningsåsen, og ny veg forbi Heiane-området, enten i ny veg på nordsida av Heiane Vest eller ny veg basert på noverande E39 på sørsida av Heiane Vest og inn i deler av Heiane Sør-området.
- *Alternativ 4* er kalla kortast mogleg E39. Dimensjonerande fart 100 km/t og fire felt. Alternativet er det same som alternativ 2 forbi Heiane Vest og Heiane Sør men vidare nordover viser dette alternativet ny veg i dagen i tilnærma rett line fram til tunnel under Lønningsåsen.
- *Alternativ 5* er kalla lang tunnelloysing. Dimensjonerande fart 100 km/t og fire felt. Alternativet viser lang tunnel på heile strekninga frå Heiane Vest-området eller Skiphaugen-området avhengig av kva alternativ som vert valt forbi Heiane-området.

På dei grove kartskissene som illustrerer dei ulike alternativa er det no vist fleire traseval innanfor same alternativet slik at det i realiteten vert utgreidd og vurdert fleire kombinasjonar av alternativ enn desse 4 hovudalternativa.

Planprogrammet legg til grunn at alle alternativa skal konsekvensutgreiast og gje grunnlag for endeleg val av framtidig trase og løysing. Planarbeidet og konsekvensutgreiinga vert gjennomført i tråd med Plan- og bygningslova sine reglar og Statens vegvesen sine vegnormalar og handbok 140.

Nærare omtale av saka så langt med m.a. resyme og kommentarar av høyringsuttalane til det planprogrammet som har vore på høyring og utlagt til offentleg ettersyn, og krav og mål for planarbeidet, dei ulike trasevala, planinnhald, kva som skal konsekvensutgreiast, organisering, framdrift og medverknad går fram av sak KST 32/14 og revidert planprogram som ligg vedlagt.

Vurdering

Rådmannen har ikkje merknader til at ein utvider planområdet og får utgreidd og vurdert evt. nye trasear for E39 gjennom Heiane-området som tilfredsstillar krava til dimensjonerande fart 100 km/t og fire felt. Rådmannen går ikkje no inn på kva konsekvensar dette kan ha for områda, men legg til grunn at alle dei skisserte alternativa vert konsekvensutgreidd for i neste omgang å gje best mogleg grunnlag for val av endeleg trase og løysing.

Rådmannen meiner forslaget til planprogram er utarbeidd i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova og gjer greie for formålet med planarbeidet, planprosessen og viktige problemstillingar som skal utgreiast i det vidare planarbeidet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek å senda revidert planprogrammet på høyring og leggja det ut til offentleg ettersyn.